

Hei.

Førre veke hadde arbeidsgruppa for samanslåing av skulane møte. Eit viktig tema var korleis vi kan sikre god informasjon til dykk som føresette, og korleis vi kan legge til rette for at foreldregruppa blir kjent med kvarandre på ein god måte.

Framover vil elevane vere med på fleire aktivitetar på tvers av skulane.

Lærarane på dei ulike trinna skal samarbeide om ulike aktivitetar

fram til sommaren og i oppstarten av neste skuleår. Målet er at elevane skal bli godt kjende med kvarandre før skulane blir slått saman.

I juni får de tilsendt oversikt over klasser og kontaktlærarar for neste

skuleår, og vil i samband med det bli invitert til eit felles foreldremøte. Møtet startar med ei felles samling på Sjøborg, før vi går vidare til

klasseromma på skulen. På skulen vil kontaktlæraren ta imot dykk, og

det blir tid til meir uformell prat. Vi håper at dette vil vere ein god måte å verte kjend med kvarandre på.

Vi ser fram til eit godt samarbeid og til å skape ein trygg og positiv

overgang for både elevar og føresette.

Med beste helsing

Karen Strand

Kommunalsjef oppvekst og kultur